

Vårtur til Osterøy 26. mai 2026

I år går turen til Osterøy. Ei øy alle har hatt i sidesynet på veg til bydn, men som mange knapt nok har sett sine bein på. Det kan det bli ei ordning på no. Me har sett saman eit program som byr på mykje av det Osterøy har å by på, frå tresko til øl! I tillegg vil me ha med oss eigen guide på heile turen, så me kjem til å bli godt kjent med Osterøy.

Kl 0830 start frå Eikelandsosen ved Senteret på Leiro.

Dei som skal på bussen på Helland, Holmefjord kan stiga på der.



Kl 0930 Omvisning på [Osterøy museum](#)

Me får omvising på museet. Det er ei stor samling oppstadvevnadar på museet. Det er av særleg interesse for oss, då Hålandsdalen er ein av stadane der denne vevemåten har helde seg lengst.



Kl 1130 Lunsj på Mjøs vågen landhandleri [Mjøs vågen | Landhandleriene](#)

For å avvikla lunsjen fort og greit er det tinga assortert utval pizza på deling. Omvisning i Mjøs vågen med mellom anna besøk i Hosanger treskofabrikk. [Hosanger Treskofabrikk - Osterøy museum](#)



Kl 1400 Omvisning på Tøsse mølle og Tøsse brygghus

[Tøsse Mølle](#) har vore i drift sidan 1866. Var kjent for Bjørn havregryn. No lagar dei Tøsse havregryn. [Tøsse Brygghus](#) ligg i same bygg som Tøsse mølle. Me får sjå korleis øl vert laga. Både øl og havregryn er det mogeleg å kjøpa med seg frå den lokale butikken.




Kl 1600 Middag på Kleiveland gard

Kjøttgryte med ris, salat og brød. Kaffi og kake. Orientering om Kleiveland gard og ein liten video om laksefiske. Gje melding ved påmelding om du ynskjer vegetarrett.

Kl 1730 Avgang frå Kleiveland gard

Kl 1900 Eikelandsosen



Pris: kr 1300.- Då er det med buss, inngangsbillett, guide, lunsj, middag og guide. Drikke til maten på Mjøs vågen landhandleri og Kleiveland gard kjem utanom.

Påmelding og innbetaling til konto 3530.24.63148 innan 5. mai til terje.raunsgard@gmail.com

NB! Det er berre plass til 43 personar på turen.